

**Sak 201913014/202320330 - Røldal Suldal – revisjon og opprusting/utvidelse – alvorlege tema
- notat etter synfaring med NVE 03.09.25**

Synfaring med NVE vart gjennomført onsdag 03.09.25. Det var fint vær, og bra at det var lagt inn stoppestader, med mulighet for innspel. Etterpå tenkjer ein at mykje meir skulle vore sagt. Det kunne vore bra med eit oppsummerande møte på grendahuset, men det vart kutta vekk. Me har 14 dagar til å koma med «nye moment». Dette er eit enormt svært sakskompleks, der svært få kan ha tilstrekkelig forståing av alle sider ved gigantprosjektet. Konesjon, revisjon og pumpekraftverk blir pressa fram som eit stort tankskip som fossar fram over innbyggjarane. Etterkvart som tida går, blir det meir og meir klart at planlagde prosjekt medfører stygge overgrep på mange område:

1 Menneskeverd/menneskerettar blir oversett

Er alle menneske **like mykje verd**? Røldal og Suldal er ved Hydro/Lyse-avtalen dømt ut av Almenheten – kfr. Vannfallrettighetslova §1. Lokalbefolkning blir ignorert – som ikkje eksisterande. Det er skrikande mangel på etikk og moral. Ikkje eigarskap for lokalsamfunna – men **evigvarande øydeleggjingar/farar/ulemper**. Manglande respekt for lokal kultur og fellesskap. Lokalsamfunnet vil måtta slita med evigvarande traume. Overgrepet tek aldri slutt. **Sorgreaksjonar** pga av tapt natur, kultur og konstant møte med fare og øydeleggjingar. Dersom så gale vil skje at pumpekraftverk blir godkjent, må storsamfunnet gje fri psykologhjelp til innbyggjarane i Røldal.

2 Demokratiet blir undergrave

Det er konsekvent gjennomført ein hemmelig og udemokratisk prosess, ei heilt **uverdigg** framferd. Mange tiår med skjult arbeid for å torpedera heimfall, hemmelige rapportar, innside aksjekjøp. Info-møte på Nesflaten sept 2020 var rein bløff. Enorme saksmengder, der det er eit mål å **umyndiggjera** folk gjennom utilgjengelige og tendensiøse «ekspertrapportar». Lyse har ikkje teke kontakt med råka parter, hverken grunneigarar eller brukarar generelt.

3 Jus blir misbrukt

Konesjon 1962, heimfall, selskapsfinte, konstruert DA – brotne avtalar og lovnader. Styling av samfunnet må vera **lovregulert**. Tildela kontrakt først – så skal dei som er råka framføra sine ønskje? Heilt uvanlig praksis, sjølv sagt svært vanskelig å nå fram i ettertid. Manglande økonomisk kompensasjon for bygda som skal påførast alle skader, ulemper og farar – til evig tid. Diskusjonen om energi, energikjelder, disponering, sparing osv må opnast opp. Bruk av bergvarme/energibrønner til oppvarming og kjøling kan frigjera høgverdig elektrisitet til andre føremål. Røldal kan ikkje ofrast som ein prøveklut for pumpekraftverk i eit uavklart **energieksperiment**.

4 Kultur blir oversett

Ignorering av lokal erfaring og kultur – kfr mangelfulle og feilaktige brukar- og miljørapportar. Vanskeliggjering av tilkomst og normal drift av eigedomar, beite, fiske, jakt, friluftsliv. **Utarming** av bygdesamfunnet, tradisjonar, historie, næringsliv. Bygda sine naturressurser må koma innbyggjarane til gode, for utvikling av eit berekraftig, kulturrikt bygdesamfunn.

5 Natur blir øydelagd

Destruksjon av flora og fauna – generelt tap av levande skapningar, som får innskrenka leveområde, fleire hindringar - med reinsdyra som det mest åpenbare. Pumpekraftverk er svært øydeleggjande og skaper livsfarlige forhold i magasina – **4 meter endring** i døgeret. Pumping og uttak vil gje svære straumkvervel-problem, dette vil og oppstå ved alle innsnevringar i magasina. All båtbruk og bruk av garn vil bli farlig og vanskelig. Magasina vil vera prega av skummel meinsis. Flaut og farlig å visa fram for besøkjande, dei uvitande går i stor fare. Stort tap av næringsgrunnlag. Røldal har ofra 12 km² av dei mest produktive og artsrike områda, dette er allerede langt over tålegrensa. Dagens profittjegerar har ingen rett til å øydeleggja endå meir av sårbar natur, som **framtidige generasjonar skal måtta leva med**. **FNs naturavtale** - bevaring og restaurering av natur må få eit innhald. Myndighetene må visa at dette blir teke på alvor, og seia klart **NEI til pumpekraftverk i Røldal Suldal!**